

Til kommunaldirektør i Surnadal kommune Lars Inge Kvande.

Uttale frå samarbeidsutvalet ved Todalen og Stangvik oppvekstsenter, på høyringsdokumentet Skule for framtida – grep for kvalitet og økonomisk berekraft.

- Vi er bekymra for den lange reisevegen elevane med oss vil få, ved ei eventuell samanslåing. Samt ventetida før og etter skuledagen. Dette krev vi ei endring på om alle 3 skulane vert flytta til Subus. Da må busstida endrast slik at elevane som kjem frå grendaskulane ikkje må vente før og etter skuletida. Bussen må gå direkte heim etter at skuledagen er over, likeins må bussen gå slik at den kjem fram til skulen utan at det blir ventetid før det ringer inn. Vurdere reisefølge for dei yngste elevane, der det er lengst skuleveg. Sikre at dette opplevast trygt. Det må vere tilstrekkeleg med bussvakter før og etter skuletid.

Vi legg opp til eit skille mellom ungane i sentrum og ungane i grendene. Ungane som får lengre skuleveg får mindre fritid, mindre tid heime og ein meir stressa kvardag. Foreldra kan føle eit press på å ha kortare arbeidsdag ol. for å kunne køyre og hente ungane sine. Dette fører til at trafikken på Øye område aukar ytterlegare, der det allereie no med dagens elevtal er utfordrande og til dels uoversiktleg.

På side 42 i boka «ny opplæringslov 2024 med forarbeider og lovspeil» står det at «det er den totale tida eleven bruker heimanfrå, til opplæringa startar, og til opplæringa til eleven er slutt, til eleven er heime om ettermiddagen, som utgjør den samla reisetida». Vi meiner at det da ikkje vil bli akseptabel reisetida for dei elevane som bur lengst unna Subus.

For barn med særskilte behov, og barn som blir sosialt utmatta etter ein lang skuledag, vil den lange reisevegen samt bussvent oppå der igjen vere heilt hjarteskjerande.

Det finnes ikkje tvil om at skuleveg og reisetida til barna er av dei mest alvorlege konsekvensane. Barna blir fråteke mange timar av sin fritid kvar veke. Dette er IKKJE til barnets beste og kan ikkje takast lett på.

- Ved å flytte alle 3 grendaskulane til Subus, får alle det trongare på klasserommet eller manglande klasserom. Stort press på eit allereie overfylt uteområde? Vi får ikkje nok grupperom til barna som trenger eige rom. Store klasser med mange særskilte behov. All forskning viser at kvaliteten forringas når læraren får for store klasser, særleg når elevmassen har stadig aukande hjelpebehov. Ved at tostop vert flytta, må eit trinn (10.ande trinnet?) flyttast ut av skulen. Og skulen her vert ståande tom? Her er bygget nyleg oppussa (2013) og tilpassa dagens behov for skulebygga. Kvar er logikken i å flytte ut av skulebygget her? Og vil ei

sentralisering av skulane føre til at foreldra da vert tvinga til å flytte eventuelle barnehageborn til sentrum for å få logistikken til å gå i hop? Har vi nok barnehageplassar til det? Og barnehageborna får da ein enda lengre dag i barnehagen. Lange dagar på ungane allereie frå dei er 1 år gamle.

- Med at alle skulane vert samla på Subus, har vi da kapasitet til å ta imot flyktningar? Og heimflyttarar? Er det plass? Blir Surnadal kommune ein attraktiv kommune å flytte heim til? Med eit allereie utfordrande marknad når det gjeld å skaffe nok arbeidskraft, samt kompetansen vi treng, gjer vi det enda vanskelegare for oss sjølv med dette. Vi ynskjer levande bygder og bulyst i heile kommunen.

Tostop har ein nedgang i elevtalet pr no, men dette har svinga før. Vi har hatt opptil 50 ungar i barnehagen på det meste, og rundt 80 elevar på skulen. Det har vore stor tilflytting til områda som sokner til skulen. Vil slik tilflytting stoppe opp når vi ikkje har skule? Og skulen i bygda er full.

Ein skule i kommunen låser og alle moglegheiter for skulebytte, i for eksempel mobbesaker, utanforskap ol. Dette gjeld begge vegar, både frå grendaskule til Subus, og frå Subus til grendaskule.

- Vedlagt risikoanalysar viser at det er store utfordringar med å slå saman alle skulane i kommunen.
- Ved ei nedlegging av Todalen og Stangvik skule, har vi elevar som må oppleve ei nedlegging 2 gonger i løpet av 1.-7. skulegangen sin. Todalen skule og Todalen barnehage vart lagt ned og flytta til Stangvik oppvekstsenter i 2021. Og 4 år etter kan det skje igjen. Er det slik vi vil ha det? Skaper dette bulyst?
- SU ved Todalen og Stangvik oppvekstsenter har forslag på innsparingar i staden for å flytte oss til Subus, forslaga er:
 1. kutte kantine dei åra vi treng til å få økonomien på rett spor. Ved å «legge ned» kantina for ein periode sparar vi inn på personalressursen som no er bruka. Vi har ikkje oversikt over kva dei andre brukar her, men antek at det er noko slik som vi, to timer pr dag. Og Subus 1 årsverk? Om alle grendaskulane bruker to assistenttimer pr dag på kantine og Subus 1 årsverk, og sett dette inn i drifta i staden for. Vil dette utgjere ein samla personalressurs på ca 2 årsverk. Dette sett ein inn i drifta og sparar da rundt 1,5 millionar årleg.

2. kutte digitale ressursar på 1.-4. trinn. Ikkje kjøpe inn 1 til 1 sett pr elev. Men heller ha klassesett som kan delast på? Eventuelt eit viss antall pr. klasse, men ikkje 1-1 som no. Her sparar vi i innkjøp av pc og ipad, som er kostbare i innkjøp.
- Vi kunne og ha tenkt oss å fått eit beløp på kva oppvekstnettverk Nordmøre kostar kommunen pr år. Utan eit beløp er det vanskeleg å ta stilling til om dette er noko som kan settast på vent nokre år? Eller om vi får att nok i forhold til kostnad.
- Vi i SU ønskjer å bevare Tostop slik som no. Skulen har eit stort og fint uteområde som dekkjer behovet elevane har for å kunne ha ein god skulekvardag. Vi har og nok rom, store klasserom, spesialrom for kunst og handverk, og rom nok til å kunne drive fleksibelt, sikre tilpassa opplæring og meir praksisretta undervisning. Bygningsmassen er bra, og tilpassa dagens skule.

Samarbeidet barnehage og skule fungerer bra, eit oppvekstsenter gir gode gevinstar som ein trygg og god overgang frå barnehagen til skulen, sambruk av personalet i bhg, sfo og skule. Vi dreg nytte av kvarandre både ressurs-messig og den fagleg kompetanse aukar. Ungane vert kjent med kvarandre på tvers av alder både i bhg og i skulen (fådelte skule). Verdien av å lære av kvarandre på tvers av alder er mykje verdt i barnets utvikling. Og sikrar at vi når målet som oppvekstsektoren i Surnadal har:

Oppvekstsektoren i Surnadal skal vere framtidsretta, og gi barna eit godt læringsmiljø, faglege utfordringar for alle, og moglegheit til å vekse, lære og utvikle seg ut frå eigne føresetnader og behov. Barna skal vere med på å skape og leve meningsfulle liv – no og i framtida.

Med å berre ha ein skule i sentrum, vil det ikkje da bli stor forskjell på barna frå sentrumsbarnehagane og grendabarnehagane når dei byrjar på skulen med tanke på moglegheitene for å bli kjent med skuleområdet før skulestart? Å ha barnehagen i same nærmiljø som skulen sin må vel vere det beste for små barn.

Oppvekstsektoren skal bidra inn i Surnadal kommune sitt arbeid med å nå dei felles måla:

*Mål 1: Surnadal kommune har trygge og inkluderande lokalsamfunn
Skulestrukturen og skulebygga skal gi gode rammer for læring og arbeid, og vere tilpassa både dagens behov og framtidig elevvekst. Bygga skal halde høg kvalitet. Både inne- og uteområde skal bidra til inkluderande fellesskap som fremmer helse, trivsel og læring for alle. Sjølv om skulebygg åleine ikkje kan jamne ut*

forskjellar eller hindre utanforskap, kan gode og læringsfremjande omgjevnader bidra til betre trivsel, deltaking og gjennomføring i skulen.

Vi i Ssu her ved Tostop kan ikkje sjå at vi klarar å oppfylle dette viktige målet som kommune har, ved at alle 3 grendaskulane vert flytta til Subus.

Samarbeidsutvalet ved Todalen og Stangvik oppvekstsenter